



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Høyringsinstansar ihht til liste

11 MAR 2013

Dykkar ref.

Vår ref.
11/2705 - VBJ

Dato
05.03.2013

Høyringsbrev tvungen etterregistrering av hagler endring av forskrift

1. Innleiing

Justisdepartementet vil med dette fremje framlegg til endring i forskrift 24. august 1990 nr. 688 om endring i lov 9. juni 1961 nr. 1 om skytevåpen og ammunisjon m.v. Foremålet med framlegget er å syte for at glattløpa enkelt- eller dobbeltløpa hagler erverva før 1. oktober 1990 enten vert registrert i våpenregisteret, eller innlevert for plombering eller destruksjon.

Ei liste over høyringsinstansane ligg ved. Vi ber om at adressatane vurderer trongen for å legge fram høyringa for underliggande/tilknytte etatar, samt organ som ikkje står på lista. Eventuelt ber vi om at høyringsinstansane konfererer med underliggande/tilknytte etatar og inkluderer deira synspunkt i høyringsfråsegna. Vi gjer også merksam på at høyringa også er open for andre enn dei som er nemnt i høyringslista.

Vi ber om at høyringsfråsegna vert sendt til Justisdepartementet, Politiavdelingen, Postboks 8005 Dep, 0030 OSLO. Vi ønskjer at høyringsfråsegner også vert sendt på e-post til postmottak@jd.dep.no.

Vi ber om høyringsinstansane sitt syn innan **17. april 2013**.

Høyringsbrevet med vedlegg ligg også på Justisdepartementet sine internettsider.

Eventuelle førespurnader sendast til avdelingsdirektør Knut Fosli – tlf 22245340 eller seniorrådgjevar Verner Bjerkvik – tlf 22245509.

2. Bakgrunn

Bakgrunnen for framlegget er regjeringa sitt ønske om å betre våpenkontrollen. Det vert synt til Prop 1s (2011-2012) pkt. 3.4.1 om at «[r]egjeringen vil i 2012 starte arbeidet med å gjennomføre en etterregistrering av uregistrerte hagler som er lovlig ervervet før 1. oktober 1990.» Lov 9. juni 1961 nr. 1 om skytevåpen og ammunisjon m.v. (våpenloven) § 8 set krav om at «[e]nhver som vil eie eller inneha skytevåpen skal ha tillatelse frå politimesteren (våpenkort).»

I lov 9. mars 1990 nr. 4 om endringar i lov av 9. juni 1961 nr. 1 om skytevåpen og ammunisjon m.v § 5 vart det innført registreringsplikt for alle type haglegevær. I lova pkt. II vart Kongen gjeve fullmakt til gje fritak frå registrering for våpen erverva før ikraftsetting. Kgl. res 24. august 1990 fastset forskrift 24. august 1990 nr. 6, der endringslova vart sett i kraft frå 1. oktober 1990. I forskrifta vart det samstundes bestemt at «[l]ov av 9. juni 1961 nr. 1 om skytevåpen og ammunisjon § 8 får ikkje anvendelse når et haglegevær, luft- eller fjærgewær eller en luft- eller fjærpistol er ervervet før loven her trer ikraft.»

Magasin og automathagler vart gjort kontrollpliktig i 1978 og ordninga med registeringsfritak gjeld soleis for glattbora enkelt- og dobbeltløpa haglegevær, jf. Ot.prp nr. 13 (1989-1990) pkt. 1. Grunna trongen for betre våpenkontroll, ønskjer regjeringa å oppheve dette fritaket og handsame våpna likt med andre registreringspliktige skytevåpen.

Krava til personleg dugleik for erverv av registreringspliktige skytevåpen etter våpenlova § 7 og forskrifta § 10 gjeld også ved etterregistrering. Dette betyr at personer som ikkje oppfyller desse krava enten må avhende eller innlevere våpenet til plombering eller destruksjon. Grunna attendeverknadsforbodet vert det ikkje kravd gebyr for slik registrering. Av same årsak vert det heller ikkje stilt krav om at eigaren av våpenet erverva før 1. oktober 1990 skal dokumentere eit særskilt behov etter våpenforskrifta §§ 12 og 13. For å tryggje effekten av ordninga med etterregistrering vert ikkje desse våpna rekna med i kvota på 6 komplette jaktvåpen etter våpenforskrifta § 12 andre ledd. Politidirektoratet må i samråd med Justisdepartementet lage retningsliner for korleis etterregistreringa skal verte gjennomført. Desse vil også omfatte plan for informasjon om regelendringa.

Framlegget tek sikte på å utsette ikraftsetting i 6 månader, slik at haglene kan verte etterregistrert. Vidare gjer framlegget det ulovleg å inneha uregistrerte haglevåpen etter ikraftsetting, jf. våpenlova §§ 5 og 8.

3. Framlegg til endring i forskrift

3.1 Framlegg til tekst

Endringar av forskrift 24. august 1990 nr. 688 må skje i medhald av Kongeleg resolusjon. Med heimel i endringar i lov 9. juni 1961 nr. 1 om skytevåpen og ammunisjon m.v. av 9. mars 1990 nr. 4 pkt. II føreslår Justisdepartementet å endre forskrift 24. august 1990 nr. 688 om Ikrafttredelse av endringslov av 9. mars 1990 nr. 4

slik:

§ 1

Lov av 9. mars 1990 nr. 4 om endringer av lov av 9. juni 1961 nr. 1 om skytevåpen og ammunisjon m.v. settes i kraft fra 1. oktober 1990. Når det gjelder luft- og fjærggevær og luft- og fjærpistoler gjelder loven først fra det tidspunkt og i det omfang Justis- og politidepartementet bestemmer, jfr. lovens § 5 annet ledd.

§ 2

Lov av 9. juni 1961 nr. 1 om skytevåpen og ammunisjon § 8 får ikke anvendelse når et luft- eller fjærggevær eller en luft- eller fjærpistol er ervervet før 1. oktober 1990.

§ 3

Lov av 9. juni 1961 nr. 1 om skytevåpen og ammunisjon § 8 får anvendelse når et haglgevær er ervervet før 1. oktober 1990.

§ 4

Forskriften trer ikraft 01.12.2013.

3.2 Nærare om framlegget

Forskrifta § 1 vidarefører gjeldande forskrift pkt. I. Forskrifta § 2 opprettheldt reglane om registreringsfritak for luft- og fjærggevær og luft- og fjærpistolar, medan haglegevær ikkje lenger vert omfatta av dette fritaket. Forskrifta § 3 presiserer at reglane om registreringsfritak ikkje gjeld for haglegevær. Dette er gjort for å klargjere endringa og hindre mistydingar. Forskrifta § 4 bestemmer når forskrifta trer i kraft.

4. Økonomiske og administrative følgjer


Reglane om tvungen etterregistrering inneber at alle som ønsker å inneha glattbora enkelt- eller dobbeltløpa haglegevær erverva før 1. oktober 1990 må ha politimeisteren sin tillating. Våpen som ikkje ønskast registrert må enten innleverast for destruksjon eller plomberast i samsvar med regelverket. Dette inneber at politidistrikta i perioden før ikraftsetting må pårekne ein monaleg auke i talet våpensøknader og henvendingar frå publikum.

Til forskrifta må det lagast retningsliner og særskilte skjema for søknadshandsaminga, slik at politidistrikta si sakshandsaming kan skje så effektivt som råd.

Justisdepartementet føreset at gjennomføringa skjer innafor gjeldande budsjetttramme.

Med helsing


Knut Fostli
avdelingsdirektør


Verner Bjerkvik
seniorrådgjevar

Vedlegg

Høyringsliste

Departementa

Barneombudet
Datatilsynet
Det Kriminalitetsforebyggende råd – KRÅD
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
Domstoladministrasjonen
Erstatningsnemnda for voldsofre
Generaladvokaten
Kontoret for voldsoffererstatning
Kriminalpolitisenralen (KRIPOS)
Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress
Norsk senter for menneskerettigheter
Politidirektoratet
Politiets sikkerhetstjeneste (PST)
Politihøgskolen
Regjeringsadvokaten
Riksadvokaten
Statens sivilrettsforvaltning
Stortingets ombudsmann for forvaltningen
Sysselmannen på Svalbard
Universitetet i Bergen, Det juridiske fakultet
Universitetet i Oslo, Det juridiske fakultet
Universitetet i Tromsø, Institutt for kriminologi og rettssosiologi
Universitetet i Tromsø, Det juridiske fakultet

Børsemaker P. I. Jacobsen
Det frivillige skyttervesen
Norges Benkeskytterforbund
Norges Jeger- og Fiskeforbund
Norges Paintballforbund
Norges Skiskytterforbund
Dynamisk Sportsskyting Norge
Norsk organisasjon for jegere og skyttere
Norsk Svartkruttunion
Norsk Våpeneierforbund
Norsk Våpenhistorisk Selskap
Norske Reserveoffiserers Forbund
Scandinavian Western Shooters
Våpenrådet
Amnesty International Norge
Den Norske Advokatforening
Den norske Dommerforening

Den norske lægeforening
Forsvarergruppen fra 1977
Kirkens ressurscenter mot vold og seksuelle overgrep
Kirkens SOS
Norsk krisesenterforbund
Krisesentersekretariatet
Landsforeningen for voldsofre
Bedriftidrettsforbundet
Norges Idrettsforbund
Norges Kvinne- og familieforbund
Norges Røde Kors
Norges Optikerforbund
Norges Skogeierforbund
Norsk forbund mot voldsofre
Norsk Politilederlag
Norsk forening for kriminalreform – KROM
Norsk presseforbund
Norsk Tjenestemannslag
Politijuristene
Politiets fellesforbund
Redd Barna
Rettspolitisk forening
Rådgivningskontorene for kriminalitetsofre
Stiftelsen Alternativ til vold
Stiftelsen Landsforeningen Rettferd for taperne
Stine Sofies stiftelse
Norsk Industri
Ungdom mot vold